



## Møteprotokoll for Formannskapet i Radøy

**Møtedato:** 25.01.2018  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordfører
Jostein Borlaug	AP	Varaordfører
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Vidar Grindheim	H	Christel Villanger Håland - H

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, kommunalsjef Lisbeth Alvær i sak 11, kommunalesjef Mette Fauskanger i sak 11, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 8, leiar teknisk forvaltning Tonje N. Epland i sak 11, møtesekretær Arthur Kleiveland

### Saksliste

Saksnr	Tittel
001/2018	Suppleringsval - generalforsamlinga i Aufera AS
002/2018	Suppleringsval til styret i Sambandet Vest
003/2018	Søknad om fritak politiske verv
004/2018	Søknad om fritak varamedlem kommunestyre
005/2018	Tilskot til 17. mai-komiteane
006/2018	Bogatunet - tilsyn og dekking av løpande utgifter

- 007/2018 Prosjektmandat for småbarnsavdeling ved Austebygd barnehage
- 008/2018 Retningslinjer for næringsfond - vurdering
- 009/2018 Rullering av ROS-analyse - 2018
- 010/2018 Mulighetsstudie Manger rådhus og Prestegarden
- 011/2018 Meldingar og referatsaker
- 012/2018 Serveringsløyve - Pizzeria Manger Kadir Yildiz

## 001/2018: Suppleringsval - generalforsamlinga i Aufera AS

### Behandling:

#### Arbeidarpartiet sette fram følgjande framlegg:

Jostein Borlaug vert valt som Radøy kommune sin representant i generalforsamlinga i Aufera as etter Morgan Taule.

Formannskapet (som valnemnd) vedtok framlegg til suppleringsval til generalforsamlinga i Aufera.

### Vedtak:

Jostein Borlaug vert valt som representant til generalforsamlinga i Aufera as.

---

## 002/2018: Suppleringsval til styret i Sambandet Vest

### Behandling:

Jon Askeland forklarte utfordringa knytt til ugildskap i styret i Sambandet Vest, ettersom han også representerer kommunen i eigarmøta i aksjeselskapet.

Det vart sett fram følgjande framlegg til vedtak:

John Bauge vert valt som ny varamedlem til styret i Sambandet Vest.

Formannskapet som valnemnd vedtok framlegg sett fram i møtet.

### Vedtak:

John Bauge vert valt som ny varamedlem til styret i Sambandet Vest.

---

## 003/2018: Søknad om fritak politiske verv

### Behandling:

Formannskapet vedtok å innvilga søknaden frå Liv Berith Rath om fritak frå politiske verv.

Ann Christin Hoen rykkjer automatisk opp som fast medlem for Ap i kommunestyret.

#### Arbeidarpartiet sette fram følgjande framlegg til suppleringsval:

- Jannicke Helland vert valt som nytt medlem i hovudutval for plan, landbruk og teknisk
- Jostein Borlaug vert valt som nytt 1. varamedlem til samarbeidsutvalet ved Sæbø skule
- Jannicke Helland vert valt som 3. varamedlem til representantskapet i Driftsassistanse – Hordaland Vann og avløp IKS

Hovudutvalet gjer sjølv suppleringsval til underutvalet for vilt og innlandsfiske.

Formannskapet innvilga søknad frå Liv Berith Rath om fritak frå politiske verv. Formannskapet som valnemnd vedtok framlegg til suppleringsvedtak sett fram i møtet.

**Vedtak:**

Liv Berith Rath får innvilga søknad om fritak frå politiske verv i Radøy kommune.

- Jannicke Helland vert valt som nytt medlem i hovudutval for plan, landbruk og teknisk
- Jostein Borlaug vert valt som nytt 1. varamedlem til samarbeidsutvalet ved Sæbø skule
- Jannicke Helland vert valt som 3. varamedlem til representantskapet i Driftsassistanse – Hordaland Vann og avløp IKS

---

**004/2018: Søknad om fritak varamedlem kommunestyre**

**Behandling:**

Formannskapet innvilgar Ingvild Brattetaule sin søknad om fritak frå verv som 5. vara på Venstre si varaliste til kommunestyret.

Formannskapet meiner det ikkje er behov for å gjera suppleringsval.

**Vedtak:**

Ingvild Brattetaule får fritak for sitt verv som 5. vara på Venstre si varaliste til kommunestyret.

---

**005/2018: Tilskot til 17. mai-komiteane**

**Behandling:**

Kenneth Taule Murberg (H) sa at forslaget om tilskot til 17. mai-komiteane over 2018-budsjettet var tenkt som ei eingongs-løyving til investering i utstyr. Han peika på at komiteane har lite pengar til å kjøpa inn nytt utstyr.

Formannskapet slutta seg til dette prinsippet for tildeling av midlar til 17. mai-komiteane. Denne løyvinga gjeld for 2018. Dersom ei tilsvarande løyving skal gjevast i 2019, må det vedtakast i budsjettet for 2019.

På bakgrunn av ordsiftet sette ordførar Jon Askeland fram følgjande tilleggsframlegg:

Det blir sett inn følgjande tilleggs punkt før rådmannen sitt framlegg:

Midlane til 17. mai-nemndene er ei eingongsløyving som skal brukast til kjøp av nødvendig utstyr til

17. mai-arrangement.

Etter rådmannen sitt framlegg vert det sett inn følgjande tilleggspunkt:  
Løyvinga vil verta utbetalt etter framviste kvitteringar.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Midlane til 17. mai-nemndene er ei eingongsløyving som skal brukast til kjøp av nødvendig utstyr til 17. mai-arrangement.

Tilskotet på kr 50 000 som i budsjettet for 2018 er sett til fordeling mellom 17. mai-komiteane vert fordelt på følgjande måte:

Austebygd skule	kr 5 600
Hordabø skule	kr 12 100
Manger skule	kr 21 050
Sæbø skule	kr 11 250

Løyvinga vil verta utbetalt etter framviste kvitteringar.

---

006/2018: Bogatunet - tilsyn og dekking av løpande utgifter

Behandling:

Ordførar Jon Askeland orienterte om status for eigartilhøva for Bogatunet og Syltastova. Radøy kommune har frå Nord- og Midhordland sogelag fått tilbod om å overta dei to kulturhistoriske bygningane for ein symbolsk pris. Ordføraren peika på at kommunestyrevedtaket i sak 060/2016 om at kommunen skulle takka ja til å overta Bogatunet og Syltastova, så langt ikkje er effektuert.

Ordføraren har i møte med fylkeskonservatoren blitt orientert om at kommunalt eigarskap av slike kulturminne ikkje lenger er det mest vanlege. I staden kan det vera meir aktuelt med ein ideell basert eigarskapsmodell, med kommunen som ein medspelar.

Ordføraren peika på at det t.d. kan vera mogleg å etablera Bogatunet- / Syltastovas Venner, som kommunen kan inngå ein samarbeidsavtale om drift med. Dersom kommunen skulle stå som eigar av desse kulturminna, vil det ikkje vera mogleg å søkja midlar frå offentlege instansar til t.d. vedlikehald.

Ordføraren vil informera om status for eigarskap for Bogatunet/Syltastova i meldingsak i neste kommunestyre, og fekk tilslutning i formannskapet for dette.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommune tar på seg ansvar for tilsyn, og dekkjer løpande utgifter til vedlikehald, forsikring og straum for Bogatunet og Syltastova innanfor rammene på avsette midlar i budsjettet for 2018.

---

007/2018: Prosjektmandat for småbarnsavdeling ved Austebygd barnehage

**Behandling:**

Rådmann Jarle Landås orienterte om modellen med prosjektmandat for investeringsprosjekt som ligg i vedteke budsjett.

Vidar Grindheim (H) stilte spørsmål om formuleringar knytt til kostnad. Rådmannen svara at utfrå status i dag skal den økonomiske ramma vera tilrekkeleg for å koma i mål.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Formannskapet godkjenner prosjektmandatet for utbygging av Austebygd barnehage, og prosjektet vert sendt over til byggenemnda for oppfølging.

---

008/2018: Retningslinjer for næringsfond - vurdering

**Behandling:**

Vidar Grindheim (H) stilte spørsmål om han er ugild i handsaminga i denne saka, ettersom han er tilsett i Industriutvikling Vest, eit selskap som mottek kommunalt tilskot frå Radøy kommune. Formannskapet erklærte Grindheim til å vera habil til å delta i handsaminga.

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte i saka. Næringsfondet står i dag med ca 2,7 mill. kroner. Rådmannen legg til grunn at det aller meste av nærings- og infrastrukturfondet vil verta nytta til planarbeid Manger senter og tilrettelegging på Olsvollstranda, for å sikra vidare utbygging av industriområdet.

Kenneth Taule Murberg (H) skisserte ei mogleg løysing med å setja av ein pott på t.d. 50.000 - 100.000 kroner av næringsfondet, som vert tildelt aktuelle søkjarar etter utlysing. Økonomisjefen peika på at det ved ei utlysing av næringsfonds-midlar vil vera behov for ei endring av reglementet for bruk av næringsfondet.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Retningslinjene for næringsfondet vert ståande uendra, slik dei går fram av FS 033/12.

---

009/2018: Rullering av ROS-analyse - 2018

**Behandling:**

Det vart påpeika feil i ROS-analysen, og rådmannen sa at dette vil bli retta opp til saka kjem til handsaming i kommunestyret.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Rullert ROS-analyse vert godkjent.

---

010/2018: Mulighetsstudie Manger rådhus og Prestegarden

**Behandling:**

Rådmann Jarle Landås orienterte om mulegheitsstudien og peika på at studien viser skisser for korleis det kan vera mogleg å utvikla og utnytta rådhuset og Gamle prestegarden/prestegardshagen, og området knytt til desse bygningane. Rådmannen understreka at dette er skisser som må følgjast opp med eit forprosjekt, dersom dette er ei prioritert oppgåve politisk.

Kenneth Taule Murberg (H) ser ikkje noko poeng i å flytta biblioteket frå "ein utkant til ein annan". Han meiner det er gunstig å plassera biblioteket i sentrumskjerna, for å styrka sentrum på Manger. Om rådhusbygget er tiltenkt som kulturbygg, så meiner Murberg det t.d. kan vera fornuftig å flytta ungdomsklubben hit. Han gav uttrykk for stor skepsis til ein mogleg kafe her.

Jostein Borlaug (AP) peika på at Manger ikkje er større enn at det må vera mogleg å drøfta om biblioteket kan leggest til rådhusbygget.

Vidar Grindheim (H) advara mot at rådhuset blir brukt til utleige til private aktørar.

Ordførar Jon Askeland meiner det er riktig å gå vidare med eit forprosjekt, der også lag, organisasjonar og bygdefolk får koma med sine innspel til bruk av rådhuset og Gamle prestegarden/prestegardshagen. Han ser gode moglegheiter for å utvikla det aktuelle området.

Rådmann Jarle Landås sa at det vil vera nødvendig med ekstern konsulenthjelp i arbeidet med eit forprosjekt, og at det er naturleg at formannskapet vil bli styringsgruppe for forprosjektet.

Formannskapet konkluderte med at denne saka på dette stadiet ikkje skal vidare til handsaming i kommunestyret.

## Vedtak:

Rådmannen går vidare med utvikling av rådhuset som kulturhus, slik det er skissert i rapporten frå mulighetsstudien, ved å gjennomføre eit forprosjekt som grunnlag for sak til politisk handsaming.

Arbeidet med oppgradering av Prestegarden og Prestegardshagen vert gjennomført i tråd med budsjettløyving i 2018.

---

## 011/2018: Meldingar og referatsaker

### Behandling:

Postombering - høyring: Samferdselsdepartementet har sendt på høyring eit forslag om å endra omdelings-frekvensen for post.

Formannskapet oppmodar eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne om å koma med innspel som i neste omgang kan leggast til grunn i ein uttale frå formannskapet.

Prosjektmandat: Det er utarbeidd prosjektmandat for vassverksleidning Austmarka-Storsandvik og for Manger skule. Rådmann Jarle Landås peika på at dette er rehabiliteringsprosjekt, og difor etter reglement for byggenemnda ikkje skal til uttale i nemnda - sjølv om dette er prosjekt til meir enn ein million kroner. Rådmannen oppmoda politikarane om å gje tydeleg tilbakemelding dersom dei likevel ønskjer prosjekt overført til byggenemnda.

Brann og redning: Kommunalsjef drift og forvaltning, Lisbeth Alvær orienterte om status for brannvernet i Radøy og utfordringar dei står overfor framover. Brannsjefen har uttrykt bekymring knytt til beredskap på dagtid. Det blir også stilt stadig større krav til kompetanse. Samtidig understreka kommunalsjefen at brannvernet i Radøy gjer ein god jobb.

Kommunalsjefen orienterte også om Arbeidstilsynet sine krav til utbetringar på brannstasjonen etter tilsyn i brannvernet. Ein konsulentrapport frå Sweco viser at det er nødvendig med omfattande tiltak for å innfri Arbeidstilsynet sine krav. Kommunalsjefen sa at det blir jobba med strakstiltak i 2018, men at det også blir sett igang arbeid med å finna ny lokale til brannstasjon.

Kommunalsjefen trekte også fram arbeidet med ny brannordning samarbeidsmodell for Nordhordland brann og redning.

Ho orienterte også om "first responder"-bil til brannvernet, som er eit verbalpunkt i 2018-budsjettet. Dette kjem opp som eiga sak seinare.

Sjukefråver: Kommunalsjef Mette Fauskanger orienterte om det relativt høge sjukefråveret kommunen og tiltak som blir gjort for å få fråveret ned. Det har vore gjort medarbeidar- og arbeidsmiljøundersøking i fleire av tenestene, som vil bli følgd opp med aktuelle tiltak. Kommunalsjefen peika mellom anna på at det mellom anna blir sett fokus på leiarrolla, og at leiarressursen enkelte stader er auka.

Bustadsosial handlingsplan: Kommunalsjef Mette Fauskanger opplyste at utkast til bustadsosial handlingsplan skal vera ferdig om kort tid. Ho sa også at det vert jobba intenst med kommunedelplan for helse og omsorg.



Kommunedelplan Bø: Leiar teknisk forvaltning, Tonje N. Epland, orienterte om status og framdrift for aktuelle arealplanar, med særleg fokus på kommunedelplan for Bø. Epland peika på motsegner og innspel som er kome til planen. Fylkesmannen har varsla motsegn på fleire punkt, knytt til plankrav, bruk av strandsone/naust og ROS/KU ny arealbruk/strandsone. Statens vegvesen krev meir fokus på trygg skuleveg og byggegrense på 60 meter av omsyn til framtidig utviding av fylkesvegen. Fylkeskommunen har varsla motsegn knytt til mellom anna kulturminne.

Leiar teknisk forvaltning informerte også om ei rekkje innspel frå Bø-sokna. Eitt innspel som er underskrive av ialt 120 personar, krev utvida arealgrenser for kommunedelplan-området. Dersom plangrensene blir endra, vil det i praksis innebera at planarbeidet blir stoppa og prosessen må startast på nytt.

Etter ei drøfting konkluderte formannskapet med at planarbeidet held fram innanfor opptrekte arealgrenser og prosedyrar for saksbehandling.

Planstrategi: Rådmann Jarle Landås orienterte om status for planstrategien og gjennomføringa av aktuelle planar. Han peika på at det viser seg nærast umogleg å få inn kortvarige planressursar. Rådmannen informerte om at vert prøvd å få i stand eit plansamarbeid med Lindås kommune knytt til t.d. områdeplan for Manger. Ordførar Jon Askeland ber rådmannen leggja fram ei meldingssak i kommunestyret om status og framdrift i planarbeidet.

Ny kommunalsjef: Rådmann Jarle Landås orienterte om at Grethe Herøy har tatt i mot stillinga som kommunalsjef for helse og omsorg. Ho overtek for Mette Fauskanger, som i februar sluttar i Radøy kommune.

Solhall-bygget: Rådmann Jarle Landås opplyste at Radøy kommune førebels ikkje har kjøpt Solhall-bygget på Manger (tidl. DPS-bygget). No manglar berre underskrifta til Helse Bergen før overtakinga er i hamn.

Tingstova: Rådmannen orienterte om dialogen med Manger bygdelaag om kommunal overtaking av Tingstova på Manger. Det blir jobba med ein kontrakt for overtaking, og denne vil bli lagt fram i formannskapet. Det er meininga å bruka Tingstova til vigsle i kommunal regi.

Skageneset: Ordførar Jon Askeland orienterte om BOF sitt omfattande restaureringsarbeid på hus og uteområde i Skageneset.

Tannklinikk: Ordføraren opplyste at fylkesmannen har bede om eit møte om framtida til tannklinikken på Manger.

Brøyting: Kirsti Gjetle Floen (A) og Vidar Grindheim (H) sa at dei har fått klagar på brøyting av kommunale vegar. Rådmann Jarle Landås svara at det ved stort snøfall er utfordrande å rekka over alle vegar raskt. Han ser det som viktig å få tilbakemeldingar, som kommunen kan ta opp med entreprenørane.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med tillegg sett fram i møte.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering, med tillegg sett fram i møte.

---

012/2018: Serveringsløyve - Pizzeria Manger Kadir Yildiz

**Behandling:**

Søknad om serveringsløyve for Pizzeria Manger vart lagt fram i møtet. Formannskapet godkjende å handsama søknaden som ekstrasak.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Serveringsløyve vert innvilga etter serveringslova §3, slik:

- Løyvehavar: Pizzeria Manger Kadir Yildiz, Idrettvegen 7, 5936 Manger, org.nr. 917660603
- Dagleg leiar: Serpil Kayhan, f. 01.02.73
- Serveringsstad: Pizzeria Manger Kadir Yildiz, Idrettvegen 7, 5936 Manger
- Storleik serveringsstad: 64,7 m<sup>2</sup>
- Tal sitjeplassar: 12
- Opningstid: kvar dag frå kl. 12-23
- Godkjenning frå Mattilsynet må liggje føre
- Formannskapet føreset at løyvehavar innhentar løyve frå Arbeidstilsynet og plan- og bygningsstyremaktene.

Løyvehavar pliktar å melda frå til kommunen dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår som er sett.

---